



**ULVIK HERAD**  
**Skeiesvegen 3**  
**5730 ULVIK**

Dykkar ref.:

Vår ref.:

14/328-2/K1-614/BEM

Direkte innval:

56 52 70 00

Stad/Dato:

08.10.2014

### **Bruks- og ordensreglar Elvatun ungdomshus - oppdatert 08.10.2014**

1. Ulvik herad ved teknisk drift er ansvarleg for utleige av Elvatun ungdomshus.
2. Tenestetorget administrerer utleigeordninga. Teknisk drift og anlegg er klageorgan.
3. Huset kan leigast av organisasjonar, lag og privatpersonar elles. Aldersgrense er 23 år.
4. Leiga vert justert i samband med den årlege budsjetthandsaminga. Huset kan leigast vederlagsfritt til lag og organsisasjonar i Ulvik sine aktivitetar.
5. Huset vert vaska av heradet sine folk, men den som leiger huset har ansvar for å :
  - Vaska opp (i oppvaskmaskin – sjå bruksanvisning) og setja på rett plass i skåp.
  - Vaske benkeplater, komfyr og oppvask/utslagskummar.
  - Tøma kjøleskåpet for mat og vaska det. Tøma TV-kanner for kaffi/te og skola dei. Feia golv.
  - Vaska stoler og bord.
  - Ha boset i dei rette utsette bosdunkar for matavfall, papir og restavfall (lykel heng på veggen i gangen utforbi kjøkken. Bosoppstillingsplass er ute rundt hjørnet.
  - Lata att alle vindauger, sløkkja ljøs (ljøsbrytarar til garderobe og toalett nede, er i billettluke oppe) og låse ytterdørar. Mellomdørar må stå opne.
  - Elles ha orden og sømd kring huset.



E-post

[ulvik@ulvik.kommune.no](mailto:ulvik@ulvik.kommune.no)

Telefon

56527000

Fax

56527001

Bankkontonr.

3450 19 70001

Organisasjonsnr.

971 159 928

6. Leigetakar er ansvarleg for skader på hus eller innbu, brannskader unnateke, og skal melda frå om noko vert øydelagt.
7. Dersom leigetakar ikkje held (mislegheld) dei reglar som er fastsett, kan det verta pårekna ekstra kostnad for leigetakar. Ulvik herad kan og stengja vedkomande leigetakar ute frå huset i stuttare eller lengre tid.
8. Tilskipingar skal vera avslutta kl. 02.00.
9. Dersom det skal serverast alkoholhaldig drikk, skal det søkjast om løyve dersom slikt er nautsynt. Servering/skjenking av alkoholhaldig drikk utan løyve, dersom slikt krevst, er straffbart.
10. For bruk av huset gjeld elles dei ålmenne politivedtektene.

Ein stadfestar og samtykkjer i ovannemnde reglar når ein kvitterer for utlevering av lyklar.

Med helsing

Tenestetorget  
Ulvik Herad

